

**Side 1 reiseliv og
side 2 generelt næringsliv**

❖ **Marknadsbudsjett felles 2011**

For 2011 har DV fått eit bidrag til marknadsarbeid frå Voss kommune på kr 650.000. Desse midlane vert matcha med midlar frå marknadsbidraget frå medlemmane, og er inkludert i arbeidet som ligg i marknadsplanen.

❖ **Presse og turoperatørar til Voss**

Denne vinteren har me hatt mykje besøk av presse; frå Nederland som De Morgon, Wintersporters.nl, Genieten, Sneeuwreporter.nl, Sneeuwwhoogte.nl/sneeuwverwachting.nl, Villa d'Arte, og russisk presse som All Extreme, Shape, Time Out Moscow, Superski.ru, Warmup TV, Aeroflot, Doski Skate & Snow, Onboard. I tillegg har russiske turoperatørar vore på Voss; som Jazz Tour, Gamajun, TB Solvex Travel, Labirint, Aerotravel Club, DSBW Tours, Neva Travel, Viking Travel, Vedi Tur. Seinare kjem journalist og fotograf frå det nederlandske magasinet Men's Health og preturen som går til Voss før Norwegian Travel Workshop i Haugesund er fullteikna med 20 ulike turoperatørar. Desse besøka er i stor grad kome på plass gjennom samarbeidet Ski heile året og Ski Fjord Norway.



Ski heile året har inngått avtale om leasing av minibuss for å transportere gjester frå Flesland. Bussen vert også nytta til andre oppdrag, mellom anna i samband med presseturar. Dette er eit samarbeid med VTS som også stiller med sjåfør når det er aktuelt.

❖ **Voss i produktmanualen til
Fjord Norge**

Voss deltek i produktmanualen 2011-2013 mot den internasjonale marknaden

gjennom matchingmidlar, i tillegg til midlar frå enkeltaktørar.

❖ **Innovasjon Norge sitt
sommarmagasin**

Voss har ei felles side i dette magasinet i 2011. Dette magasinet har god distribusjon både som magasin og på web.

Felles midlar gjennom marknadsbidrag vert nytta her, i tillegg til bidrag frå enkeltaktørar.

❖ **Sommarmagasin 2011**

..med fokus på opplevingar. Vintermagasinet har vore en stor suksess, no startar innsal for eit sommarmagasin. Med midlar frå Næringsfondet for Voss, Aurland og Vik og næringslivet på Voss vil Destinasjon Voss produsere dette magasinet som kjem medio mai.

❖ **NCE Tourism – Fjord Norge**

Destinasjon Voss vert ein av 4 destinasjonsselskap i Fjord Norge som tar del i NCE sitt arbeid med regionalisering. Voss får eit særskilt ansvar for NCE sin temasatsing innanfor *outdoor adventure*.

❖ **Samarbeid med turistkontoret**

Gunhild frå DV arbeider nå tett saman med Trude frå turistkontoret om bruk av felles informasjonssystem/database for turistinformasjon. Turistkontoret er kontaktpunkt mot tilbydar når det gjeld oppdatering av informasjon om kontaktdetaljar, prisar, nye produkt, endring i tekst, biletbuk etc. DV har administrativt og økonomisk ansvar for at portalen er oppdatert og framstår som marknadsmessig attraktiv for brukar. DV og turistkontoret samarbeider også om system for booking.

❖ **MINTA gruppa**

Referat frå desse møta – ein gong i månaden – vert lagt ut på bransjenett. Målet med desse møta er tett samhandling angående arrangement som drivarar for turisttrafikk til Voss.

❖ **Book Norway**

Arbeide med den nasjonale bookingportalen er i rute på overnattingstilbod, men er ikkje i mål for aktivitetstilbod. Aktivitetstilbydarane får særskilt informasjon om dette.

❖ **Destinasjon Voss i balanse 2010**

Endeleg rekneskap viser 4,5 mill i omsetning og eit resultat i balanse, heilt i tråd med målet. Aksjekapitalen er intakt, og med eit slik resultat har Destinasjon Voss styrka sin posisjon som eit felles marknads- og utviklingsselskap for Voss.

❖ **VOSSAdesign**

Som meldt i eigen sending; det er behov for tydelegare retningslinjer for bruk av VOSSAdesignet, slik at me tar vare på dei verdiane som ligg til grunn. For å styrke arbeidet med kvalitetssikring har me fått eit samarbeid med designer Per Finne og grafisk formgjevar Yngve Knausgaard. I første omgang vil dei lage ein liten trykksak med gode døme på korleis verksemdene kan nytte VOSSAdesignet. Er du usikker på bruken, ta kontakt med Destinasjon Voss for godkjenning. Trykksaken vil vere ferdig ila april.

❖ **Idé camp for næringslivet 2011**

Idé campen i regi av Voss Energi var ein stor suksess. Om lag 70 deltakerar tok del i ein kreativ prosess som har resultert i ein eigen rapport. Her er det definert klare utfordringar for både destinasjonsselskapet, Kontaktforum, arbeidsutvalet for Næringshage og Voss kommune. Voss Energi har vedteke at dei skal ta initiativ til ein ny idé camp i februar 2012 der ein skal gjere greie for status på realisering av tiltak frå 2011. DV får ei viktig rolle i arbeidet med å følgje opp arbeidet.

❖ **Næringshage på Voss?**

Destinasjon Voss er med i ei arbeidsgruppe som har som mål å få på plass ein næringshage. Festival Voss v/Torgunn er sekretariat for arbeidsgruppa. Ein arbeider i desse dagar med å få på plass aktuelle aksjonærar i selskapet. Ta kontakt med Anne Grethe i DV eller Torgrunn i FV dersom du ynskjer meir informasjon om dette.

❖ **Strategisk næringsplan for Voss**

Eit resultat av arbeidet i Kontaktforum er at strategisk næringsplan no vert fornya. Arbeidet starter i vår, og ein reknar ca eit år på prosessen. Destinasjon Voss vil delta i arbeidet. Alle medlemmane vil få innsyn i prosessen undervegs. Anne Grethe deltek i arbeidsgruppa.

❖ **Kontaktforum**

Siste møte i Kontaktforum var 13.januar. Her var sentrumsutvikling og strategisk næringsplan på dagsorden. Det vil komme eit initiativ frå kommunen om å starte eit arbeid med sentrumsutvikling.

❖ **Samarbeid med NSB**

Gjennom arbeidet i MINTA gruppa har me fått på plass eit tett samarbeid med NSB. I samband med større arrangement på Voss er det mogeleg å kjøpe tilleggskapasitet på faste ruter, slik at ein kan få på plass Voss Cup tog, Vossa Jazz tog etc. Det går ut særskilt info om dette til alle arrangørar. Verksemdar med trafikkskapande aktivitet kan også få på plass spesialavtale med NSB.

❖ **Samarbeid med fylkeskommunen om Samferdsel**

Gjennom reiselivsseksjonen i fylket har ein starta eit arbeid med å få meir tilpassa bussruter til reiselivet sine behov. Alle behov av en viss størrelse kan meldes inn til Anne Grethe, som bringer saken vidare til fylkeskommunen.

❖ **Vindtunnell**

Finansieringen av vindtunnelen kom på plass rett før nyttår, og ein har starta rydding av tomte på Tvildemoen. Me ynskjer ein investering i ein *fyrtåmattraksjon* hjarteleg velkommen. Etter planen skal tunnelen stå ferdig våren 2012.

❖ **Ny medarbeidar**

Pga stor arbeidsmengde har vi fått hjelp av Linn Ravndal Norevik 2 dagar i veka sidan midt i januar. Linn har ansvar for butikken og arbeider i hovudsak med web/informasjon og tar i eit tak der det er behov. Ho har si utdanning frå BI med marknadsføring og prosjektarbeid som fordjupingsfag.

Kontaktinfo Destinasjon Voss

post@visitvoss.no	40617700
erik@visitvoss.no	92238848
gunhild@visitvoss.no	90032415
annegrethe@visitvoss.no	95787590

VOS2A  **helsing frå**

Gunhild, Erik og Anne Grethe